


NORSK SPRÅKRÅD

Kultur- og kyrkjedepartementet
Kulturavdelinga
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO



REF.

VAR REF.
200400027-2 MH

DATO
24. mars 2004

Framlegg til endring av lov om stadnamn – høyringsfråsegn frå Norsk språkråd

Vi viser til høyringsnotat av 04.02.04 frå Kultur- og kyrkjedepartementet med framlegg til endring av lov om stadnamn. Nedanfor følgjer høyringsfråsegna frå Norsk språkråd. Fråsegna er ordna etter paragrafane i lovframlegget.

§ 1 Formål og virkeområde

Her har vi først ein språkleg merknad: "virkeområde" må endrast til "verkeområde".

Språkrådet er samd i at det blir teke inn ein formålsparagraf i lova. Det bør likevel presiserast i forskrift eller merknader kva som ligg i omgrepet "einskapleg namneverk".

§ 2 Definisjonar

Definisjonen av *stadnamn* (pkt. a) har karakter av ein sirkeldefinisjon. Det bør presiserast nærmare i forskrift eller merknader kva som ligg i omgrepet "geografisk lokalitet".

§ 3 Namnevern og namnsetjing

Språkrådet stør at det kjem inn ein lovparagraf om namnevern og namnsetjing. Vi vil likevel peika på at vi er i tvil om den føreslåtte formuleringa er fullgod, særleg punkta b) og c) i første leddet, som er så generelt formulerte at dei gjev lita rettleiing. Dette gav vi også uttrykk for i høyringsfråsegna vår til evalueringsrapporten som vart lagd fram i 2001. Punkta bør i alle høve presiserast nærmare i forskrift eller merknader.

§ 4 Reglar om skrivemåten

Språkrådet meiner at det i første setninga framleis skal stå "takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen" i staden for "takast utgangspunkt i den lokale talemålsforma av namnet". Når det gjeld bruken av bunden eller ubunden form som er omtalt i kap. 8.4, stør vi at regelen om bunden eller ubunden form får ei mjukare form.

Sisteleddet i § 4 i gjeldande lov lyder: ”Når særlege grunnar talar for det, kan skrivemåten av stadnamn avvike frå gjeldande rettskrivingsprinsipp.” Dette leddet er teke ut i lovframlegget utan at vi ser at det er grunngjeve, og Språkrådet er samd i at det går ut.

§ 5 Fastsetjing av skrivemåten

Språkrådet har ingen merknader til innhaldet, men vil peika på at det verkar naturleg å flytta opprekninga av aktuelle organ frå § 9 første leddet framover til bokstav a i denne paragrafen.

§ 6 Nærmare om saksbehandlinga

Språkrådet er samd i framlegget til den forenkla saksbehandlinga. Når det gjeld formuleringa om at synspunktet til eigar eller festar skal tilleggast *særskild vekt*, vil vi peika på at det må presiserast nærmare i forskrift eller merknader kva som ligg i dette. Ønsket til eigar eller festar er ofte ein skrivemåte som ikkje samsvarer med gjeldande norske skrivereglar, og den føreslåtte formuleringa *kan* skapa større forventningar enn ønskjeleg er.

§ 7 Gjenopptaking

Språkrådet stør framlegget om ein eigen lovparagraf om gjenopptaking av ei namnesak når det kjem fram nye opplysningar. Det må likevel koma fram at dei nye opplysningane må vurderast som *vesentlege* for saka.

§ 8 Særskilde reglar om bruksnamn

Språkrådet har ingen merknader til innhaldet, men er i tvil om paragrafen er klårt nok formulert. Det bør kanskje heller stå ”... bruksnamn som kjem inn under andre leddet i denne paragrafen, dersom ikkje særlege grunnar talar for det.”

§ 9 Bruk av stadnamn

Språkrådet har ingen merknader til hovudinnhaldet i paragrafen. Vi vil likevel nemna på at uttrykket ”folk som bur fast på staden” ikkje må føra til at namnebruken til grupper som har sterk tilknytning til eit område, t.d. flyttsamar, blir ekskludert. Vidare vil vi som i fråsegna vår i 2001 peika på at termen ”lærebøker” bør bytast ut med ”læremiddel” i samsvar med forskrifta til opplæringslova § 17. Omgrepet ”læremiddel” er definert i § 17–2 i denne forskrifta og gjeld både trykt og ikkje-trykt tilfang.

§ 10 Klage

Språkrådet stør framlegget om at ein klage skal grunngjevast.

I første setninga blir det vist til § 6. Dette må vera trykkfeil for § 5. Etter framlegget skal lokale organisasjonar ikkje ha klagerett, slik dei har i dag. Vi kan ikkje sjå at denne endringa er grunngjeven, og Språkrådet meiner dei framleis bør ha denne retten.

§ 11 Stadnamnkonsulentar

Språkrådet har ingen merknader.

§ 12 Stadnamnregister

Språkrådet har ingen merknader til innhaldet i paragrafen, men meiner at han bør formuleraast slik at det går fram at det sentrale stadnamnregisteret *er* oppretta. Språkleg meiner vi som i fråsegna vår i 2001 at "online tilknyting" bør bytast ut med "direktetilknyping".

§ 13 Unntak

Språkrådet har ingen merknader.

Lovutkastet bør gjennomgåast reint språkleg før det går vidare til Stortinget, med tanke på å retta opp nokre feil.

Med helsing

Jan Olav Fretland
leiar (sign.)


Sylfest Lomheim
direktør